

DENDROKRONOLOGISK DATERING AV HAUGJORDLÅVEN

Telemark Museum, Skien

Edvard Undall





Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
 Storgata 2, Postboks 736 Sentrum, 0105 Oslo
 Telefon: 23 35 50 00
www.niku.no

Tittel Dendrokronologisk datering av Haugjordlåven Telemark Museum, Skien	Rapporttype/nummer NIKU Rapport 289	Publiseringsdato 18.12.2023
	Prosjektnummer 1022724	Sider 16
	Avdeling Bygning	Tilgjengelighet Åpen
Forfatter(e) Edvard Undall	ISSN 2703-7797 ISBN 978-82-8101-435-0	Oppdragstidspunkt / periode utført Oktober 2023
	Forsidebilde Haugjordlåven fotografert fra nordaust	

Prosjektleder Edvard Undall
Prosjektmedarbeider(e) Skriv her
Kvalitetssikrer Siv Leden

Oppdragsgiver / finansiert av Telemark Museum
--

Sammendrag NIKU tok ut 12 boreprøver fra Haugjordlåven i Brekkeparken ved Telemark Museum i oktober 2023. Analysene fra boreprøvene syner at alt tømmeret sannsynlegvis er felt i 1586, og at bygningen dermed er bygd i 1586 eller kort etter.
Abstract Enter here.

Emneord Dendro, datering, furu, tømmer, låve, Telemark, Skien, Heddal
--

Avdelingsleder
 Annika Haugen

Innholdsfortegnelse

1	Dendrokronologisk undersøkning av Haugjordlåven	7
1.1	Nøkkelinformasjon	7
1.2	Innleiing	8
1.3	Beskriving av bygningen.....	8
1.3.1	Laftetømmeret	8
1.4	Bygningshistorikk.....	9
1.5	Prøvetakinga.....	10
1.5.1	Oversiktsbilete	11
1.5.2	Bilete av prøvestadene	12
2	Dateringa	14
2.1	Erklæring om automatisk freding.....	14
3	Kjelder.....	14
4	Vedlegg.....	15
4.1	Feltrapport	15
4.2	Dateringsrapport frå NTNU.....	15

1 Dendrokronologisk undersøking av Haugjordlåven

Etter førespurnad frå Sebastian Namork og på oppdrag frå Telemark Museum er det teke dendrokronologiske boreprøver frå Haugjordlåven i Brekkeparken. Det er teke 12 prøver frå ti stokkar; tre av desse frå treskjelåven (andre høgda), dei andre ni frå dei to løromma (første høgda).

Prøvene er tekne av Edvard Undall, NIKU, 10. oktober 2023, og den dendrokronologiske analysen er utført av Helene Svarva ved Nasjonallaboratoriene for datering, NTNU Vitenskapsmuseet.


1.1 Nøkkelinformasjon

Adresse: Øvregate 32, 3715 Skien

Gnr./Bnr.: 300/4362

Kommune: Skien kommune

Fylke: Vestfold og Telemark



Figur 1 Haugjordlåven i Brekkeparken markert med raud sirkel (Kjelde:Norgeskart)

1.2 Innleiing

Det har vore antatt at bygningen kan vera frå 1600-talet, og museet har vurdert det som interessant å få alderen stadfesta.

HAUGJORDLÅVEN

**Fra: Haugjord, Heddal, Notodden.
Byggeår: ca. 1600.
Kom til museet: 1956.**

Haugjordlåven er, i likhet med Voltveit-loftet, bygget av spesielt stort tømmer. Rominnstillinga er vanlig for en låve i Øst-Telemark. Det er et lite rom (løe) på hver side av låven og underlåve for agner (dekkblader på kornet) og halmstrå. En dør fører ut fra hver løe på gavlveggen. De gamle "brikene", åpningene for høy- og korninnkastet, er hele og uendret. Tømmeret i Haugjordlåven har en rund-oval form med laftehoder (stokke-ender) som smalner av utover. Bygningskroppen blir bredere oppover, så ikke slagregnet får gjort så stor skade på tømmerveggene.

Gården Haugjord er kjent fra historien om bondehøvdingen Ole Olsen Hovdejord. Han var lensmann i bygda og bodde på Haugjord fra 1703 og ca. 30 år framover..

THE HAUGJORD BARN

**From: Haugjord, Heddal, Notodden.
Constructed: c. 1600.
Moved to the museum: 1956.**

As with the Voltveit Loft, the Haugjord Barn is built of quite massive timber. The room arrangement is standard for a barn in East Telemark. There is a small room on each side of the barn and an underlying room for chaff or husks and for straw. The old openings for throwing in hay and grain are complete and unaltered.

The timber in the Haugjord Barn has a round-oval shape with logs ends which narrow down outwards. The body of the building becomes wider upwards so that lashing rain cannot cause a lot of damage to the timber walls.

The Haugjord Farm is renowned from the story about the well-to-do farmer Ole Olsen Hovdejord. He was a police sergeant in the village and lived at Haugjord from 1703 and approximately 30 years on.



TELEMARK MUSEUM

Figur 2 Utsnitt av plakaten i museet med beskrivelse av bygningen.

1.3 Beskriving av bygningen

Loo (lokal benemning frå Heddal) er ein vanleg seks-vegga låvetype med køyrelåve eller treskjelåve i midten og ei lugu / løe på kvar side. Under treskjegolvet er ein underlåve for agner (høyblad i småaks på grasplanter) og bøss etter treskinga. Den austre delevæggen i underlåven er trukket inn om lag ei stokkbreidd slik at treskjegolvet er breiare enn underlåven.

Låven måler om lag 7x16 meter. Raftstokken og raustmora i dei einskilte veggane er noko lengre enn syllane slik at novrekkjene lutar utover og fasadane får ein slak V-form.

1.3.1 Laftetømmeret

Låven er reist med furutømmer med stort tverrsnitt, gjennomgåande 30-40 cm, og særst lite avsmalning. Laftesjovuda er av ein spissoval type, som var vanleg frå 1500- til omkring midt på 1600-talet. Alt tømmeret er sannsynlegvis utført med raulandslaft og har synlege kinningar i overhogget. Mange stokkar har òg kinningar i underhogget og nokre er jamvel utført med skjulte kinningar. Analysane av boreprøvene viser eintydig at alt tømmeret er felt før 1586.

1.4 Bygningshistorikk

Haugjordlåven er frå Haugjord i Heddal. Garden Haugjord er velkjend frå saga om bondehovdingen Ole Olsen Hovdejord. Han var lensmann i bygda og budde på Haugjord frå 1703 og om lag 30 år framover. Denne låven må ha vore bygd om lag 100 år tidlegare, altså kring 1600¹. Låven vart flytt og satt opp i Brekkeparken i 1956.

Då låven enno stod i Heddal var det ei sjukje (lokal staving, ev. skytje/skiku) langsetter det som den gong var vestveggen, no nordvegg, og ein låg skut på gavlveggen. Det må antakast at sjukja ikkje er opphavelg, og at bygningen dermed vart breiare ved denne tilbygginga.

Då bygningen vart teken ned på 1950-talet var taket bore av sperrebind (fotingsrøst), medan låven blei attreist på museet med kombinert ås-sperretak, tømra røst og slakare takvinkel. Kva som har vore den opphavelge takkonstruksjonen er uvisst.


Notat frå nedringa opplyser at det då var 15 stokkar i alle veggjar. Det er i dag berre 14 omfar i låven, og det må antakast at eit omfar vart fjerna under gjenreisinga.



Figur 3 Haugjordlåven under demontering i Heddal. (Kjelde: Telemark Museum.)

¹ [Løe/låve fra Haugjord i Heddal - Telemark Museum / DigitaltMuseum](#) (lese 06.11.2023)

1.5 Prøvetakinga



Figur 4 Plan med prøvestadene innteikna og nummererte

1.5.1 Oversiktsbilete



Figur 5 Aust-gavlen



Figur 6 Vest-gavlen



Figur 7 Søndre langvegg



Figur 8 Nordre langvegg

1.5.2 Bilete av prøvestadene


For beskriving av dei einiskilde prøvestadene, sjå feltrapporten (Vedlegg 1).




Figur 9 Prøve 1 teken frå austre delevegg



Figur 10 Prøve 3 teken i søndre yttervegg i vestre løa.



Figur 11 Prøvestadene 2 (delevegg) og 6 (nordre yttervegg) i vestre løa.



Figur 12 Prøve 6 teken frå nordre yttervegg i vestre løa.



Figur 13 Prøve 4 teken frå delevegg i vestre lòa.



Figur 14 Prøve 5 teken frå vestre gavlvegg.



Figur 15 Prøve 7 teken i sørvegg på treskjelåven.



Figur 16 Prøve 8 teken i sørvegg på treskjelåven.



Figur 17 Prøve 9 teken frå austre gavlveggen.



Figur 18 Prøvene 10 og 11 vart tekne i austre delevegg mot underlåven og i yttervegg mot nord.

2 Dateringa

Boreprøvene er analyserte ved NTNU. Analysen syner at ni av 12 stokkar er felte i 1586, medan tre prøver viser at tømmeret er felt kort tid etter 1572. Ei av prøvene let seg ikkje datera. Boreprøvene er oppbevarte ved NTNU.

Denne rapporten har ikkje kontekstualisert observasjonane med øvrige bygningselement og -historie i særleg grad, då dette låg utanfor oppdraget. For ytterlegare å dokumentere endringshistoria og styrke dateringa, vil det være ønskjeleg å studere arkivalia, verktøyspor, novform og materialar meir detaljert; og også datere dei tømra røsta.

2.1 Erklæring om automatisk freding

Dateringa av laftetømmeret syner at låven etter alle solemerke er reist i 1586. Bygningen skal dermed erklærast som automatisk freda, jf. kulturminnelova §§ 4 til 9. Bygningar bygde i tidsrommet mellom 1537 og 1649 får automatisk fredingsstatus etter at Riksantikvaren har vurdert dokumentasjonen som ligg føre.

3 Kjelder

Høydal, Hallgrim 1997.

Lat oss ikkje forfedrane gløyma: Heddal og Notodden museumsleg 1947-1997.

Museumslaget, Notodden.

<https://www.vtfk.no/meny/tjenester/kultur/kulturarv/kulturarvartikler/hovestua/>

<https://digitaltmuseum.no/021058405085/loe-lave-fra-haugjord-i-heddal>

4 Vedlegg

4.1 Feltrapport

4.2 Dateringsrapport frå NTNU

Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

www.niku.no

NIKU Rapport 289

NIKU hovedkontor
Storgata 2
Postboks 736, Sentrum
0105 OSLO
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tønsberg
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Bergen
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112, Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Trondheim
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Framsenteret
Hjalmar Johansens gt. 14
9296 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00